



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Møte i Studentparlamentet

nr 1/24-25

Onsdag 30. oktober 2024

SAA227

Kl 14.15-16.30

Matsservering kl 17.00

Saksliste

Sak 01 – 24/25: Konstituering av Studentparlamentet 24-25 og godkjenning av valresultat.....	3
Sak 02 – 24/25:2.1 Godkjenning av innkallinga	6
Sak 02 – 24/25:2.2 Godkjenning av protokoll frå møte 24.04.24.....	6
Sak 03 – 24/25:Godkjenning av saksliste	7
Sak 04 – 24/25:Orienteringar frå AU og studentrepresentanter.....	8
Sak 05 – 24/25: Møteplan for Studentparlamentet 24/25	9
Sak 06 – 24/25: Val av fast ordstyrar for Studentparlamentet 24-25	10
Sak 07 – 24/25: Høringssvar- Forskrift om opptak, studiar og eksamen ved Høgskulen i Volda	11
Sak 08 – 24/25: Val av studentar til utval og nemnder ved HVO.....	13
Sak 09 – 24/25: Arbeidsprogram for Studentparlamentet 24-25.....	16
Sak 10 – 24/25:Eventuelt	17

Sak 01 – 24/25: Konstituering av Studentparlamentet 24-25 og godkjenning av valresultat

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Nestleiar

Namneopprop

Godkjenning av valresultat og val av møteleing

Nestleiar orienterer om valprosessen og valdeltakinga. Rekruttering til Studentparlamentet starta under studiestart. Studentar kunne stille gjennom nettskjema. Det blei sendt ut mail 27.september til alle studentar for nominasjon av representantar og informasjon om prosessen. Nominasjonsfristen var 29. September, det var 11 kandidater til 11 plasser.

Valet var åpent frå 3.oktober til 13. Oktober. Det blei sendt ut mail til alle studentar om valet den 11.oktober. AU har vore aktive på stand og sosiale medie for å rekruttere til parlamentet.

Det vart avgitt 232 stemmer til saman i valet. Fjor året var det 284 og i 2022 238 stemmer. Det er rundt 4000 studentar ved Høgskulen.

AU legg fram valresultatet for godkjenning:

Valresultat for Studentparlamentet ved HVO 24-25:			
AHL – Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning			
Fast repr.	Daniel Svindseth Pettersen, Grunnskulelærer 5-10, 5. året	1.vara	
Fast repr.	Diana Leidi Flores Alvarado, NIS - Norwegian for international students	2.vara	
AKF – Avdeling for kulturfag			
Fast repr.	Sunniva Melheim Melvær, design, kunst og handverk 1. året	1.vara	
Fast repr.		2.vara	
AMF – Avdeling for mediefag			
Fast repr.	Tale Rørvik Lejon, PR, kommunikasjon og media, 1. året	1.vara	
Fast repr.	Julie Liénart, PR, kommunikasjon og media 3. året	2.vara	
ASH – Avdeling for samfunnsfag og historie			

Fast repr.	Nene Mariama Holt Diallo, Sosionom, 1. året	1.vara	
Fast repr.	Landon Mitchell, Samfunnsutvikling 1. året	2.vara	
Frie representantar (utjammingsmandat)			
Fast repr.	Harald Rustøy (AHL), Grunnskulelærer 5-10, 2. året	1.vara	
Fast repr.	Simon Andre Myrvang (ASH), Historie 1. året	2.vara	
Fast repr.	Debby Rose Eliav (AMF), PR, kommunikasjon og media 3. året	3.vara	
Fast repr.	Bas Runia (ASH), Sosionom 1. året		

*Merk at alle varaer er valt inn som rekkjefølgjevara, ikkje personleg vara.

Andre faste verv og roller på parlamentsmøta	
AU – arbeidsutvalet valt av parlamentet i april 2024 for perioden 24-25. AU har ikkje stemmerett i parlamentsmøta, men har ansvar for å leggje fram saker og følgje opp vedtaka til parlamentet	
Leiar	Maher Othman
Infoansvarleg	Nina Skara Pettersen
Velferdsansvarleg	Susanne Fremmerlid Lauridsen
Internasjonalt ansvarleg og nestleiar	Sander Franck Allman
Fagansvarleg	Noah Grasdal Aarseth
Sekretariat fast tilsett med ei av sine oppgåver å vere referent på Studentparlamentsmøta	
Organisasjonskonsulent/ organisasjonsrådgjevar	Marit Aklestad / Emily MacPherson
Ordstyrar på studentparlamentsmøta – Forslag til vedtak frå AU	
Fast ordstyrar 24-25	– vedtak blir gjort i eiga sak,
Teljekorps på studentparlamentsmøta	
Ved personval, eller andre situasjonar der vi gjennomfører hemmeleg val, vel Studentparlamentet eit teljekorps som tel opp stemmene. Desse bør helst ikkje ha stemmerett. AU innstiller på 2 personar til dette på kvart møte ut i frå dei som er til stades i møtet frå AU og sekretariat.	

Sidan AU ikkje har lukkast i å finne ordstyrar til dagens møte, blir dette lagt fram i møte

AU sitt forslag til vedtak:

1. Studentparlamentet godkjenner valet slik det er lagt fram. .
2. Studentparlamentet vel xxxxxx til ordstyrar til dagens møte
3. Studentparlamentet vel Nina Skara Pettersen og Sander Franck Allman til teljekorps på dagens møte

Sak 02 – 24/25: 2.1 Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

Møtetidspunktet skal i følge Studentparlamentet sine vedtekter kunngjerast 2 veker før møtet. Sakspapira skal sendast ut 1 veke før møtet. AU har kunngjort dato for møtet og sendt ut sakspapir til alle. Sakspapir vart publisert på HVO sine nettsider 23. oktober.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Sak 02 – 24/25: 2.2 Godkjenning av protokoll frå møte 24.04.24.

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Informasjonsansvarleg

Vedlegg: Vedlegg 1. Protokoll frå møte 7/24-25, 24.04.24

Studentparlamentet godkjenner formelt protokollen frå sist møte, 24.04.24.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner protokollen frå møte 24.04.24.

Sak 03 – 24/25: Godkjenning av sakliste

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av saklista må meldast inn under dette punktet.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande dagsorden med sakliste for møtet:

		Dagsorden for studentparlamentsmøte 30.10.24	*	Saksframlegg
14.15	01	Konstituering av Studentparlamentet 24-25 med godkjenning av valresultat	V	Nestleiar
	05	Val av fast ordstyrar til parlamentsmøta 24-25	V	Nestleiar
	02	Godkjenning av innkalling, protokoll og sakliste	V	Ordstyrar
14:30	03	Høringssvar- Forskrift om opptak, studiar og eksamen ved Høgskulen i Volda	D	Org.konsulent
15:15		Pause		
15.00	05	Orienteringar	O	Info ansvarleg
	06	Møteplan for Studentparlamentet 2023-2024	V	Fagansvarleg
15:30	07	Arbeidsprogram for Studentparlamentet 24-25	V	Nestleiar og info.ansvarleg
16.15		Pause		
16.00	08	Val av Studentrepresentantar til råd, utval og nemnd ved HVO	V	Velferdsansvarleg
16.30		Eventuelt		
	0	Møtekritikk, møteslutt		
17.00	0	Middag		

*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

Tidspunkta i dagsorden er omtrentlege. AU kjem med innstilling til vedtak (forslag til vedtak) på alle vedtakssaker.

Sak 04 – 24/25: Orienteringar frå AU og studentrepresentantar

Type sak: Orienteringssak
Saksframleggar: AU orienterer på det dei har jobba med

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Arbeid med valg av studentparlament, altså dere, mangler fortsatt vara
- Arrangert loppemarked og pensumsalg
- Møtet og diskusjonen rundt Sunnmøre kulturnæringshage
- Take-over på høgskule-kontoen
- Vært misfornøyde med prøveperioden med demokratitid
- Bestilling av SP-produkter
- Retningslinjer for studentorganisasjoner når det gjelder valg av styre
- 3. etasje på Rokken – hva skjer der?
- Digitalisering av Tillitsvalgthåndbok og Engasjer deg i Volda
- Arrangert Norwegian Night og andre arrangementer for internasjonale
- Studentorganisasjoner søkt om velferdsmidler – AU er positive
- Gamle kontoret BK155 – et sted for studenter å slappe av

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

Info frå styret i SiVolda – Studentsamskipnaden i Volda

Info frå Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

Sak 05 – 24/25: Møteplan for Studentparlamentet 24/25

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Fagansvarleg

Parlamentet vedtek møteplan for studieåret. Sidan vi no har demokratitid onsdager 14:15-16:00 tar i møte i dette tidsrommet. Møta varer vanlegvis i 3, max 4 timar, altså blir max tidsramme 14:15-18:15 for kvart møte. Vi har tidlegare matserving før møte kl 16 på Rokken, men grunna demokratitid har vi lagt det fremover i tid etter møte ca kl 17

Møta vil finne stad på Høgskulen

AU sitt forslag til vedtak: Studentparlamentet sin møtekalender 2023-24

Møtestad: kjem tilbake med info

Opplæringsdag: Laurdag 26.10.24

Møte nr 1: onsdag 30.10.24

Møte nr 2: onsdag 20.11.24

Kick off i Januar- meir info kjem

Møte nr 4: onsdag 22.01.25

Møte nr 5: onsdag 26.02.25

Møte nr 6: onsdag 26.03.25

Møte nr 7: onsdag 23.04.25

Sommaravslutning: Kjem tilbake med info

Overlappsseminar for av- og påtroppande AU:

Bakgrunn

For at møteverksemda for Studentparlamentet skal vere føreseieleg for alle, fastset vi møtedagane for heile året på første møte. Vedtektene til Studentparlamentet seier at vi skal ha minimum 7 møte i året. Vedtektene opnar også for å kunne kalle inn til ekstraordinære møte dersom det skulle bli behov for det.

Studentparlamentet har tradisjon for å ha ei juleavslutning og ei sommaravslutning, så AU kjem tilbake med tidspunkt for dette, det fungert har også lagt inn tidspunkt for dette i forslag til vedtak. Det

Sak 06 – 24/25: Val av fast ordstyrar for Studentparlamentet 24-25

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Nestleiar

Studentparlamentet skal velje ein ny fast ordstyrar for møta i Studentparlamentet 24—25. Som ordstyrar er ein ikkje ein formell del av AU, men ein deltek på eit AU-møte i forkant av kvart parlamentsmøte, der ein går igjennom agenda og saksliste.

Rolla til ordstyrar er å vere ein nøytral og ryddig ordstyrar som sørgjer for at alle kjem til ordet og at møtet føregår på ein formelt rett måte i følge vedtekter og forretningsorden. Ordstyrar bidreg til ein god møtekultur, og slår ned på upassande, usaklege eller ufine innlegg eller personangrep.

Vervet som ordstyrar er honorert med 400 kr per møte i Studentparlamentet.

AU har ikkje lukkast å finne ordstyrar før fristen for utsending av sakspapir. Det blir lagt fram i møte

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel xxxx som fast ordstyrar for studieåret 24-25.

Bakgrunn

Ordstyrarfunksjonen blir omtala slik i Studentparlamentet sine stillingsomtalar:

Ordstyrar

Ordstyrar leiar møta til Studentparlamentet, og sørgjer for ryddig saksframlegging og ein god møtekultur. Ordstyrar er nøytral, og fremjar ikkje eigne synspunkt eller tek stilling i saker. Ordstyrar legg til rette for inkluderande og trygge møter der alle får kome til ordet.

Sak 07 – 24/25: Høringsvar- Forskrift om opptak, studiar og eksamen ved Høgskulen i Volda

Type sak: Diskusjonssak
Saksframleggar: Jurist- Hege Robudal Stenkløv
Vedlegg: Vedlegg 2 Høyringsbrev
Vedlegg 3 Høyringsnotat

Studentparlamentet har mottatt et brev fra Studieadministrasjonen som har lagt fram et forslag til diverse endringer i [forskriften om opptak, studier og eksamen ved Høgskulen](#). Studentparlamentet skal orienteres om dette forslaget og har muligheten til å ytre meninger rundt de forslagene. Hege Robudal Stenkløv skal presentere endringane for Studentparlamentet. Neste møte skal Studentparlamentet vedta høyringssvaret.

Bakgrunn:

Oversikt over dei største endringane i forskrifta:

- Forenkling av fri/sjølvald bachelorgrad, § 2-2
- Forslag om ein ny paragraf om språkkrav ved opptak, § 3-2
- Forslag om ein ny paragraf om tidleg opptak, § 3-13
- Forslag om ein ny paragraf om opptak på vilkår, § 3-14
- Forslag om ein ny paragraf om semesterregistrering, § 4-2
- Forslag om ein ny paragraf om lengd på studierett, § 4-3
- Forslag om ein ny paragraf om poststudierett, § 4-4
- Reglar for permisjon er samla i eit eige kapittel, kap. 5
- Forslag om ein ny paragraf om nedre grense for permisjon, § 5-3
- Reglar for tilrettelegging er samla i eit eige kapittel, kap. 6
- Ny paragraf om obligatoriske aktivitetar der alle obligatoriske aktivitetar vert samle i ein paragraf. Moglegheita til å klage vert tatt ut, § 7-6
- Tatt bort eigen paragraf om skikkavurdering, da dette er uttømmmande regulert i anna regelverk
- Reglar for praksis er samla i eit eige kapittel, kap. 8
- Alternative forslag til forenkling av reglane ved forbetring av karakter, § 9-7
- Forslag om ein ny paragraf for digital eksamen, § 9-12
- Alternative forslag til regler for sensur, § 10-3
- Forslag om å endre fuskereglane i tråd med signala i lovforarbeid og frå Universitet og høgskulerådet (UHR), § 10-5

Oversikt over dei største endringane i UH-lova:

Det vert her gitt ei kort oppsummering av dei viktigaste endringane i ny UH-lov. For sakshandsamarar vert det anbefalt at ein les merknadane til dei nye paragrafane som ein

finn i Prop. 126 L 2022-2033 pkt. 23. Desse gir rettleiing i korleis ein skal forstå reglane. Lovforarbeidet kan lesast i sin heilheit [her](#)

Lova vidarefører i stor grad tidlegare regelverk, men her er tydelege endringar i både lovspråk og lovstruktur. Føremålet har vore å gjere det enklare å finne fram i lova og skape betre forståing for reglane i lova. Det er også foreslått fleire innhaldsmessige endringar og dei mest sentrale er:

- Presisere institusjonane sitt ansvar for akademisk friheit og den individuelle retten og faglege ansvaret for å drive formidling
- Lovfesta institusjonane sitt ansvar for samisk fagspråk i tillegg til norsk og krav om at undervisningsspråket som hovudregel skal vere norsk eller samisk
- Nedlegging av studiestadar er gjort til ein politisk avgjerd ved at mynde er lagt til Kongen i statsråd
- Reglane for midlertidig tilsetjing er vorte strengare
- Krav om to sensorar ved eksamen er modifisert

Sak 08 – 24/25: Val av studentar til utval og nemnder ved HVO

Type sak:	Vedtakssak
Saksframleggar:	Velferdsansvarleg
Vedlegg:	Vedlegg 4 – Presentasjon av råd og utval frå oppstartssamlinga 26.10.24 Vedlegg 5 – oversiktstabell over råd og utval ved HVO

Vi skal velje studentrepresentantar til ei rekkje utval og nemnder ved Høgskulen i Volda. Studentane i Volda har krav på 20 % studentrepresentasjon i sentrale råd og utval med beslutningsmynde ved Høgskulen.

Alle studentar ved HVO kan stille til val, både studentar som sit i Studentparlamentet og studentar utan andre studentpolitiske verv. Ein student kan stille til fleire verv. Studentparlamentet er valkrins. Vala vert gjort ved urneval, altså hemmeleg val.

Vi vel i denne saka studentar til følgande posisjonar:

Utval: Utdanningsutvalet, Internasjonalt utval, Læringsmiljøutvalet (LMU), Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingsstillingar (TUFO), Forskingsutvalet og valstyret.

Nemnder: Nemnd for studentsaker (tidl. Klagenemnda) og Skikkanemnda.

Arbeidsgrupper: Miljøfyrtårn

Bakgrunn

Ei av oppgåvene til Studentparlamentet er å sørge for at det vert vald inn studentrepresentantar i utval, styrer, råd og nemnder der studentar skal vere representerte. Å ta på seg verv som studentrepresentant i eit utval, gir studentane store moglegheiter til å påverke viktige beslutningsorgan ved Høgskulen. Alle registrerte studentar ved høgskulen kan stille til val, og Studentparlamentet er valkrins.

Vervet som studentrepresentant i Høgskulen sine utval og nemnder er honorert etter satsane som er fastsett i Statens Personalhandbok. For 2024 er det kr 545 kr per time.

Enkelte av verva er kopla til verva i AU gjennom Studentparlamentet sitt valreglement og arbeidsbeskrivelsar. Det betyr at dei fem studentane i AU har kvar sin faste utvalsplass i kraft av vervet i AU. Leiar sit i TUFO, fagansvarleg sit i Utdanningsutvalet, Internasjonalt ansvarleg sit i Internasjonalt utval, velferdsansvarleg sit i LMU og informasjonsansvarleg sit i valstyret.

Gjennomføring av val:

Vi gjennomfører vala i form av digital urneval i same rekkjefølgje som i skjemaet under. Etter at det er gitt informasjon om posisjonane frå AU, opnar vi for at dei som ønskjer å stille, melder seg. Dei som stiller til val får høve til seie litt om kvifor dei vil stille (såkalla valtale), og Studentparlamentet kan stille oppfølgingsspørsmål til kandidatane.

Dersom ikkje alle plassane blir fylt opp, føreslår AU at Studentparlamentet gir AU fullmakt til å gjennomføre suppleringsval fortløpande.

Forslag til vedtak

Studentparlamentet vel ved urneval studentar til verva som følgjer:

Oversiktstabell over utval og nemnder

Utval	Studentrepresentasjon	Desse vert valde
Utdanningsutvalet	2 faste og 2 vara Fagansvarleg i AU er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. Fagansvarleg i AU 2. Vara: 1. 2.
Internasjonalt utval	2 faste og 2 vara. Internasjonal ansvarleg er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. Internasjonal ansvarleg i AU 2. Vara: 1. 2.
Læringsmiljø-utvalet (LMU)	4 faste og 4 vara. Velferdsansvarleg i AU er fast representant. SP vel 3 faste representantar og 4 vara	1. Velferdsansvarleg i AU 2. 3. 4. Vara: 1. 2. 3. 4.
Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingstillingar (TUFO)	2 faste og 2 vara Leiar for AU er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. Leiar i AU 2. Vara: 1. 2.
Forskningsutvalet	2 faste og 2 vara.	1. 2.

	SP vel 2 faste representantar og 2 vara	Vara: 1. 2.
Valstyret	2 faste og 2 vara Informasjonsansvarleg i AU er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. Informasjonsansvarleg i AU 2. Vara: 1. 2.
Nemnd for studentsaker (tidl. klagenemnda)	2 faste og 2 vara SP vel 2 faste representantar og 2 vara	1. 2. Vara: 1. 2.
Sikkanemnda	2 faste og 2 vara SP vel 2 faste representantar og 2 vara	1. 2. Vara: 1. 2.
Miljøfyrtårn, arbeidsgruppe (første møte 24.10.)	2 studentar	1. 2.

Sak 09 – 24/25: Arbeidsprogram for Studentparlamentet 24-25

Type sak:	Diskusjonssak
Saksframlegg:	Nestleiar og info. ansvarleg
Vedlegg:	Vedlegg 6: Årleg arbeidsprogram for Studentparlamentet 23-24 Vedlegg 7: Prinsippprogram for Studentparlamentet 22-26

Kvart år vedtek Studentparlamentet eit arbeidsprogram som definerer nokre hovudområde som Studentparlamentet vil prioritere. Dokumentet blir styrande for korleis AU legg opp arbeidet og kva som vert prioritert gjennom året. Prinsippprogram er styrande for kva som står i Arbeidsprogrammet.

På dette møtet legg vi opp til ein diskusjon av kva som bør vektleggjast i arbeidsprogrammet for Studentparlamentet 24-25.

Forslag til Arbeidsprogram bli ettersendt.

Bakgrunnsinformasjon

Sjå vedlegg med gjeldande Prinsippprogram 2022-2026 og Arbeidsprogram for 2023-2024.

Sak 10 – 24/25: Eventuelt

Type sak:

Saksframlegg:

Møtekritikk etter formell møteslutt.